

DREBREKKE – landskap og gardstun som næringsgrunnlag

Eit verneverdig gardstun i eit storslått og rikt natur- og kulturlandskap. Dette er grunnlaget for næringssettinga gjennom turisme på garden Drebrekke. Tilbodet er overnatting og dagsbesøk grunna på formidling av natur- og kulturhistorie i landskapsområdet som utgjer Drebrekke. Garden ligg halvannen kilometer frå næraste gard, med vidt utsyn nedetter dalen. Slik kan området bevarast og vidareutviklast som den uløyslege heilskapen av naturlandskapselement og kulturminner det er, utan fare for at utbyggjingar av nærliggjande eigedomar endrar heilskapsopplevinga for dei tilreisande. At heilskapen består og at ikkje nokon av dei viktigaste delane av denne heilskapen forsvinn, er heilt avgjerande for at denne næringssetting skal først vidare og lukkast.

Drebrekke

Tok til med overnattingstilbod og gardsbesøk og selskap på slutten av 1990-talet. I hovudsak var dette grupper som gjennomførde turar med Folgefonni Breførarlag. Dei siste 10 åra har det vore overnattingstilbod på garden. På 1990-talet tok til og dagsbesøk og selskap sidan 1990-talet. Har drive eit langsiktig arbeid for restaurera garshusa og ta var e på landskapet, ved hjelp av eit omfattande eige arbeid og offentlege tilskot frå mange instansar.

Forretningsplanen

Drebrekke er overnatting og dagsbesøk. Aktivitetar og vandring i landskapet basert på formidling av natur- og kulturhistorie og naturopplevingar skal gjera det attraktivt å vitja og å bu på garden. Derfor treng me ta vare på alle dei delar i området som kan gje opplevingar og kunnskapsformidling. I tillegg skal garden vera ein overnattingsstad for rutenettet med dei nymerka stiane på Folgefonnshalvøya, pilgrimsvandringa til Røldal stavkyrkja og bre- og fotturane til Folgefonni Breførarlag. Barnefamiliar og menneske som ynskjer

Opplevingane i landskapet på garden gjer at Drebrekke ikkje er avhengige av andre tilbod for at dei som bur på garden skal få opplevingar. Skal tilreisande velja å bu på Drebrekke, må dei tilbys opplevingar. Garden har eit rikt kulturlandskap, verdfulle naturlandskapselement og elva gjev grunnlag for aktivitetar som fiske og bading. Stiane i landskapet bind saman dei ulike landskapselementa. Stiane vil verta opprusta og informasjonskilt og kart med informasjon vil gje vandraren forteljingar og kunnskap undervegs.

På sikt vil det etablerast ei fast utstilling om bygda Øvre Krossdalen si kulturhistoria, bygd mellom anna på innsamlingsarbeid noverandre eigar har gjort over fleire år. Det vil òg verta ei utstilling om fjellvandringa og naturbegeistringa si historie, som ein deretter kan gå ut i landskapet på garden og oppleve dette konkret. Dette er eit hovudemne i neste brukar på garden si utdanning.

Krossdalselva og Drebrekefjellet er dei klart viktigaste naturelementa i Drebrekke. Fjella og elvane var dei to avgjerande naturelementa som gjorde at engelske, og etter kvart tyske, friluftslivsmenneske og turistar kom til Noreg i store mengde frå fyrste del av 1800-talet og frametter. Før 1800 var all vill natur sett på som stygg og verdiløs for menneske, men utover 1800-talet skulle vill natur framstå som svært viktig for menneske å oppsøkjast. Her var det fjellet og elvane som vekte denn store begeistring. Derfor er det så avgjerande at Krossdalselva kan få bevare sin opplevingsverdi, slik at landskapsområdet ikkje mistar eit av sine aller viktigaste delar. Elva er så viktig for heilskapen, så viktig for forstå bakgrunnen for naturbegeistringa. Elva, fossane, sjølve det sublime. Ikkje ta bort elva, det vil hindra framtidig formidling på garden.

Det er lagt ned eit svært stort eige arbeid. I tillegg er det mellom anna motteke tilskot til restaureing og skjøtsel av kulturlandskapet frå:

Tilskot frå Fylkeslandbrukskontoret v/ Fylkesmannen i Hordaland restaurering verneverdige bygningar

Tilskot frå Bygdeutviklingsfondet

Tilskot frå Jondal kommune restaurering av eldre bygg

Tilskot kulturlandskapsmidlar Fylkeslandbrukskontoret

Tilskot til resturering av kvernhuset

Syssetjingsprosjekt i samarbeid med Aetat/NAV

Undervisningsopplegg for Yrkesskulen i Norheimsund

Ingen andre satsar på same målgruppa, ro og fred, kultur og naturopplevingar i Jondal. Dei andre overnattingsstadene i Krossdalen har stort sett fokus på dei som vitjar Skisenteret.

Landskapet i Drebrekke

Dette er ei kort beskriving av landskapet i Drebrekke. For å få fram dei ulike verdiane og potensialet for opplevingar og aktivitetar, er det naturleg å dela opp landskapet i mindre landskapsrom.

Elvedalen – frå Lauvbrua til Holmen ved Slettabakkjen

Det mest dramatiske naturlandskapet på garden. Området er særmerkt for garden, kjenner ingen andre gardstun som driv med turisme i Hardanger som har eit liknande område så nært tunet.


Kvernhusmiljø - to kvernhus. Det eine restaurert, gjenstår kun vassrenna og kvernkall for at kverna kan mala korn. Det største kvernhuset i Dalen, fleire gardar nytta det illegalt under krigen. Det andre kvernhuset vil verta restaurert seinare. Øvre-Krossdalen bygdlag har merka sti frå Lauvbrua til kvernhusa, kalla *Kvernstien*.



To viktige naturtypar

Bekkekløft og bergvegg (Gjele) og *Gråor – heggeskog* (Holmen ved Slettabakkjen). Det er ei lukka for Drebrekke at desse to naturtypene finnst på garden. Dette gjev landskapet på garden ein stor verdi som naturlandskap og som oppleving av sjeldne naturtypar. Gjele med bratte elvestryk og ein markant foss gjev ei dramtisk oppleving for vandraren. I midtre og nedre del av Gjele kan ein gå til fots, særleg viktig er stien rundt Gjele: Ein kryssar elva ved holmen ved Slettabakkjen, følgjer stigninga langs vestkanten av Gjele, så austover langs høgdedraget over Gjele. Utsikt rett ned i Gjele

og ei utsikt til fjella og liene i Dalen. Det vil verta lagt vekt på å formidla kunnskap om desse to sjeldne naturtypene for vandraren. Potensialet for i framtida å finna raudlista artar er til stades.



Ferdsels-/Pilgrimsveg

Øvre del av den gamle ferdsels- og pilgrimsvegen går langs elva. Meir om vegen nedanfor. Kombinasjonen av den gamle vegen frå mellomalderen, kvernhusmiljøet, Krossdalselva og fiske i elva gjev opplevingspotensialet svært stort og variert innan eit ganske avgrensa og komprimert område.

Fiske

Det er reelt lett å få fisk i elva i dag. Mange av dei som overnattar i Drebrekke i dag fiskar i elva, særleg viktig for barnefamiliar. Storleiken på fisken er ikkje avgjerande for at fiske skal vera attraktivt for barnefamiliar. Me ynskjer på ulike måtar forbetra fiskestamma i elva. Mellom anna ynskjer me å forbetra hølane, stryka og botnfoholda i elva mellom kvernhusa og inngongen til Gjele. Her har elva reelt lite fall. Målet er at næringstilgangen for fiskestamma vert betra. Her er veksthøve for botndyr og insekter viktige å betra. Liknande tiltak er gjort av fiskeforeingar andre stader, og me vil dra nytte av deiras kunnskap og erfaring. Gjerne i samarbeid med Jakt og Fiskelaget i Jondal, dersom dei skulle vera interesserte. Større og fleire hølar vil óg betra fiskeforholda for stongfiskaren. Vidare vil enkelt hogst nokre stader gje betre tilgang og forhold for fiskaren.



Inngongsportal til bygda Øvre-Krossdalen og den nyetablerte informasjons- og rasteplassen ved Lauvbrua

Området er sjølve inngongsportalen til bygda Øvre-Krossdalen, når ein kjem hit med bil. Elva er i dag godt synleg frå vegen. Det vil verta gjennomført meir hogst om kort tid, slik at skogen vert opna opp og elva vert synleg frå endå fleire stader enn i dag frå vegen. I 2013 vart det etablert ein informasjons- og rasteplass ved bomstasjonen ved Lauvbrua. Universitetet i Bergen har levert informasjonstavler. Murar og fleire bord og benkjer i lokal skifer. Her tek *Poestien* til, ein kultursti med dikt på metallplater og skiferbenkjer, etablert av Øvre-Krossdalen bygdelag for ti år sidan. Den merka stien til kvernhusa, Kvernhusstien, etablert av same bygdelag, tek óg til frå same staden.



Gamle Dalavegen – ferdels og pilgrimsvegen frå mellomalderen

Gardane i Øvre-Krossdalen vart etablerte før Svartedauen, og såleis er vegen eit kulturminne frå tidleg mellomalder. Nytta av fastbuande i Øvre-Krossdalen, pilgrimar på veg til kyrkja i Røldal og ferdelsveg frå vest til Sørfjorden og Austlandet. Mykje nytta for heste- og fedrifter til Austlandet, noko gamle almenningane på Jondalsøyri og i Krossdalen viser til. Kjelder i rettsdokument frå 1600-talet om rettane knytt til almenningane. Funn av spansk sylvmynt frå 1600-talet langs vegen over fjellet, viser at det ikkje berre var bønder som nytta vegen. Me har motteke kulturlandskapsmidlar til skjøtsel av denne vegen frå Fylkeslandbrukskontoret. Den gjenståande delen av vegen som går over Drebrekke er i dag den best bevarte delen av denne vegen. Det skjer i dag ei stor auke i pilgrimsvandringa i Noreg. Røldal var det viktigaste pilgrimsålet i landet, etter Nidaros. I Røldal skal no byggjast ei stort pilgrimsenter til 30 mill kroner. Vegen opp Krossdalen og over fjellet var den mest nytta vegen til Røldal, for dei som kom nordvest frå. Det arrangeres pilgrimsvandringar årleg over

fjellet. Me ynskjer å utvida bruken av denne pilgrimsleden i samarbeid med den komande pilgrimssenteret i Røldal.

Stølen Geitingsdalen og stølsvegen

Vår- og hauststøl for Drebrekke. Ikkje stølshus her no, men me har teke vare på eit stølshus frå 1700-talet frå høgfjellsstølen Osadal. Dette vil verta sett opp her. Deler av stølsvegen består av steintrapper. Turisten på Drebrekke kan gå stølsvegen og vitja denne fredelege skogsdalen som dagstur, eller overnatta i stølshuset når det kjem opp. Geitingsdalen oppleves som ein liten, isolert skogsdal med vid utsikt mot vest og til fjells. Utsikt til elva frå mange stader langs Stølsvegen og frå den særmerkte utsiktsplassen på kanten av stupet ved inngongen til Geitingsdalen. Elvesusen er ein viktig del av heilskapsopplevinga på turen opp hit. Midtvegs opp hit ligg Grasdal, der det tidlegare var gamle slåtter. Det har vore tre løypestrengjer i dette området, desse ligg på bakken no. Stengen frå Geitingsdalen vil verta sett oppatt for visa høy og særleg vedtransporten heim til tunet. Stien til Vassdalen og Geitingshaugen tek av frå Stølsvegen ved Grasdal. Utsikten til elva frå denne stien ovanfor Grasdal.



Leitet og Hovden

Frittliggjande høgdedrag på kanten av Gjele og elvedalen. Her har me fått godkjent byggja åtte hytter. Enten vert det sett opp eldre mindre bygningar som vert flytta hit, eller bygningar i tradisjonell byggjestil. Bygningane kan gje stor tilvekst til overnattingskapasiteten i Drebrekke, og er uansett eit viktig økonomisk potensiale for garden. Elva er svært viktig for opplevinga av området. Leitet var staden folket i Drebrekke alltid gjekk til etter arbeidsdagen, mellom anna for å sjå oppetter Dalen og til andre folk og gardar. Ein viktig utsiktsstad for garden, mykje nytta morgon og kveld for overnattingsgjester og gardsfolket i dag. Bord og benkjer. Elva er svært viktig del av utsikten frå Leitet og hyttetomtene i Hovden.



Gardstunet

Eit tun med 8 bygningar. To bustadhus frå 1800-talet, eit bustadhus frå 1700-talet, stabbur frå 1700-talet (1600-talet?) og eldhus av uviss alder. Ei løa frå 1800-talet og ei løa eldre enn denne, men påbygd/fornya i nyare tid. Ein verkstad frå nyare tid. Dei to sistnemde skal endrast takvinkel på og få skiferheller på taket. I sørenden av det ein bustadhuset, finns deler av den gamle røykstova på garden frå 1600-talet. Tunet ber preg av heilskap og oppleving av gamal tid. I tildelingsbrevet frå Fylkeslandbrukskontoret i samband med det fyrste tilskotet me fekk til restaureringa, vart det lagt vekt på verdfull tunstruktur.

Tunet har gjennomgått eit langsiktig restaureringsprosjekt sidan 1990-talet. Arbeidet starta opp i samarbeid med arkitekt MNAL Elin Thorsnes, ei av dei mest anerkjende arkitektar innan restaurering. Ho har hatt ansvar for det meste av restaureringsarbeid på Baroniet Rosendal og vore nytta mykje av Riksantikvaren. Thorsnes laga ein omfattande og detaljert plan/rapport for restaureringa.

Samtlige helletak er tekne ned og lagt oppatt med utskifting av enkelte sperr. Det eldste bustadhuset og eine løa er tekne heilt ned, fått reparert dårlege bygningsdeler og bygd oppatt. Det eine bustadhuset har gjennomgått omfattande restaurering, etter å ha stått tomt utan tilsyn i 40 år. Me kjøpte attende deler av tunet før restaureringsprosjektet starta, sidan garden vart delt i to bruk i 1907. Elles fleire nye bad, toalett og nye eletriske anlegg. Og mykje anna.

I dag finns det 8 rom for utleige i tunet. Husa er innreia med eldre møblar og antikvitatar. Den eine løe kan nyttast til arrangement for 50 personar. Seinare vil løa óg verta utstillingsplass for lokalhistorien til bygda og for naturbegeistringa si historie. Det vil verta serveringsplass i underetasjen.



Innmarka med kulturminner

Det finns eit utall av rydningsrøyser og terrengmurar på innmarka. På dei andre gardsbruka i Krossdalen er slike kulturminner for det meste borte, på grunn av dyrking og utbetring av jordbrukslandet for moderne gardsdrift. Det er fleire gamle årkerreiner frå gamle åkrar.

Slåttemarka under Drebrekkefjellet

Drebrekkefjellet er eit svært markant landskapselement for for alle landskapsområda på garden. Ski- eller fotturen frå tunet og over fjellet og attende er ein krevande men opplevingsrik tur. Her har ein utsikt til Folgefonna og til Krossdalselva frå store delar av turen. Lia/fjellsida ned mot garden har omlag 7 gamle uteslåtter. To av desse har motteke tilskot frå Fylkesmannen i Hordaland til skjøtsel. Fleire av slåttene vil verta ryddja og løystrengjer vil verta sett opp att. Her er fleire gamle styvingstre og rydningsrøyser. Ein opplevingsrik sti går frå garden ein runde gjennom slåttemarka, der ein mellom anna kjem høgt oppunder tregrensa. Elva ved kvernhusa og ved Gjele er godt synleg frå denne stien og frå dei fleste slåttene og derfor viktig for opplevinga i området. Området gjev ei svært verdfull oppleving av kulturlandskap og av naturelementa i landskapsrommet på garden.





Myrkadal og stølsvegen til fjellstølen Gryting

Etter tradisjonen støla Drebrekke på stølen Gryting i gamal tid. Stølsvegen opp Myrkadal er i dag mykje nytta. Her ligg ei flat sletta med eit tjern på høgda over garden. Elva er synleg frå delar av vegen i dag, og vil verta godt synleg når granskogen vert hoggen. Ved Myrkadal ligg det høgt oppe i berget ei gamal uteslåtte. Her nytta ein trestigar for å koma opp. Desse stigane vil verta laga nye og sette opp.